



Steinar Myklebust trugar med å slutta. (Foto: Grenda)

**Hvis fylkesmannen sitt motsegn mot campingvognoppstilling på friområdet vert ståande kan Rabben Feriesenter snart vera historie etter snart 50 års drift. Steinar Myklebust gjer det klart i eit intervju med Grenda laurdag.**

Fylkesmannen ønskjer at friområdet ikkje skal vera oppstillingsplass for campingvagnar og vil heller ikkje ha køyreveg og parkeringsplassar lengst sør på campingplassen.

No står åtte vagnar på denne staden ved stranda året rundt i tillegg til at forbipasserande plasserar vognene sine der. Inntekta frå dette strandområdet er 100.000 kroner i året.

Sonen og dottera til Myklebust kvir seg for å ta over då uvissa kring områda til Rabben er så stor.

- Om motsegna vert ståande er det slutten for oss. Då sluttar vi med campingplassdrift og leiger heller ut nokre få hytter på åremål medan resten av hyttene forsvinner.

Vi har rett og slett ikkje råd til å driva utan denne viktige inntekta frå strandområdet, seier Steinar til avisa.

Sakshandsamar Ingo Bewer i kommunen opplyser at kommunen jobbar for eit kompromiss som dei vonar både Myklebust og Fylksmannen kan gå med på. Kompromisset vil gå ut på at campingplassen leigar ut området til turistar om sommaren men lar det vera fritt for vagnar om vinteren.

Av Ola Matti Mathisen